



Innst. S. nr. 274

(2006-2007)

**Innstilling til Stortinget
fra transport- og kommunikasjonskomiteen**

St.prp. nr. 68 (2006-2007)

**Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om ein del
saker på Samferdselsdepartementets område**

INNHold

1.	Innledning	5
2.	Programkategori 21.20 Luftfartsformål	5
2.1	Flytryggleiken i norsk luftfart under omstillingsprosessar	5
2.2	Helikoptertrafikken til plattformene i Nordsjøen	6
3.	Programkategori 21.30 Vegformål	6
3.1	E6 Trondheim-Stjørdal - utviding av bompenggeinnkrevjinga for å delfinansiere bygging av ny Nidelv bru	6
3.2	Forlenging av eksisterande bompenggeordning i Kristiansand i Vest-Agder	7
3.3	Svinesundsforbindelsen - endringar i avtalane mellom Noreg og Sverige	8
3.4	E39 Stangeland-Sandved i Rogaland - forskotering	9
3.5	E39 Renndalen-Staurset bru i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag - forskotering	10
3.6	E134 Haukelitunnelane i Telemark og Hordaland	10
3.7	Rv 2 Kløfta-Nybakk i Akershus - endring av bompenggetakstar	11
3.8	Rv 150 Ulvensplitten-Sinsen i Oslo	12
3.9	Oslopakke 3 - framdrift	12
3.10	Rv 55 Fatlaberget i Sogn og Fjordane	13
3.11	Rv 658 - tunnelane mellom Ålesund og Ellingsøy og mellom Ellingsøy og Valderøy i Møre og Romsdal-oppgadering	14
3.12	Rv 64 Bremsnes-Kristiansund (Atlantehavstunnelen) i Møre og Romsdal - presisering av vedtak om fordeling av eventuelle innsparingar	14
3.13	Raset i Hanekleivtunnelen på E18 i Vestfold	14
3.14	Tunnelinspeksjonar	17
3.15	Uavhengige rådgivande kvalitetsgrupper og om vegtilsyn	17
3.16	Vinterdrift	20
3.17	Modernisering av førarkort- og motorvognregister (Au2sys)	21
3.18	Utskifting av brikker i Auto-PASS-anlegga	21
3.19	Tausambandet	22
3.20	Særskilte merknader fra fraksjoner - Programkategori 21.30 Vegformål	22
4.	Programkategori 21.40 Særskilde transporttiltak	24
4.1	Forhandlingar mellom Samferdselsdepartementet og Hurtigruten Group ASA	24
4.2	Særskilte merknader fra fraksjoner - Programkategori 21.40 Særskilde transporttiltak	24
5.	Programkategori 21.50 Jernbaneformål	25
5.1	Nedlegging av sidebana Skoppum-Horten	25
5.2	Auka kostnadsoverslag for dobbeltsporet Sandnes-Stavanger og Alnabruterminalen	25
5.3	Særskilte merknader fra fraksjoner - Programkategori 21.50 Jernbaneformål	26
6.	Andre merknader satt fram under behandlinga i komiteen	27
6.1	Kvalitetssikring	27
6.2	Merknader fra fraksjoner til ulike vegprosjekter	27
6.3	Nasjonalt kompetansesenter for adferdsstudier i trafikken	28
7.	Forslag fra mindretall	29
8.	Komiteens tilråding	29



Innst. S. 274

(2006-2007)

Innstilling til Stortinget fra transport- og kommunikasjonskomiteen

St.prp. nr. 68 (2006-2007)

Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om ein del saker på Samferdselsdepartementets område

Til Stortinget

1. INNLEDNING

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Eirin Faldet, Svein Gjelseth, Irene Johansen, Torstein Rudihagen, Tor-Arne Strøm og Truls Wickholm, fra Fremskrittspartiet, Magnhild Holmberg, lederen Per Sandberg og Arne Sortevik, fra Høyre, Øyvind Halleraker og Trond Helleland, fra Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland, fra Kristelig Folkeparti, Jan Sahl, fra Senterpartiet, Jenny Klinge, og fra Venstre, Borghild Tenden, viser til at Samferdselsdepartementet i proposisjonen legger fram en del saker under programkategoriene 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak og 21.50 Jernbaneformål.

2. PROGRAMKATEGORI 21.20 LUFTFARTSFORMÅL

2.1 Flytryggleiken i norsk luftfart under omstillingsprosessar

Sammendrag

Samferdselsdepartementet gjer i proposisjonen greie for oppfølging av tilrådingane i rapport frå Statens havarikommisjon for transport om flytryggleiken i norsk luftfart i samband med dei omstillingsprosessane som fann stad.

Rapporten inneheld 15 tilrådingar som gjeld flytryggleik. Fire tilrådingar er retta mot Luftfartstilsynet,

fire gjeld Avinor AS, ein gjeld både Luftfartstilsynet og Avinor, tre gjeld flyselskap samstundes som ein av dei også femnar om Luftfartstilsynet. Tre tilrådingar refererer seg til Samferdselsdepartementet.

Departementet har kome til at 13 av dei 15 tilrådingane frå Statens havarikommisjon for transport er følgde opp av dei aktørane som tilrådingane er retta mot, på ein slik måte at dei kan bli lukka. Samferdselsdepartementet har utarbeidd ein "oppfølgingsrapport" om si behandling av dei 15 tilrådingane i rapporten. Fire av desse er omtala i proposisjonen.

Departementet vil elles følgje opp ein del av tilrådingane som ledd i den ordinære budsjettprosessen og etatsstyringa.

Komiteens merknader

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, mener det var viktig å få foretatt en helhetlig gjennomgang av flysikkerheten i forbindelse med at det ble satt i gang flere omstillingsprosesser parallelt i norsk luftfart.

Flertallet viser til at det normalt er Luftfartstilsynet som skal vurdere om tilrådingar fra Statens havarikommisjon for transport er fulgt opp og kan lukkes. Fordi Luftfartstilsynet selv ble undersøkt i forbindelse med flyttingen til Bodø, ble det fastsatt at Samferdselsdepartementet skulle overvåke oppfølgingen av de 15 tilrådingene i rapporten fra Havarikommisjonen. Samferdselsdepartementet har i hovedsak lagt til grunn samme praksis som Luftfartstilsynet normalt nytter.

Flertallet viser til oppfølgingsrapporten fra departementet om behandlingen av de 15 tilrådingene samt eierskapsmeldingen for Avinor, St.meld. nr. 15 (2006-2007) Om verksemda i Avinor 2006-2008, jf. Innst. nr. 142 (2006-2007).

Flertallet mener Regjeringen har valgt en forsvarlig framgangsmåte som ivaretar det overordna hensynet til sikkerheten i norsk luftfart på en god måte.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet har merket seg at den vanlige praksisen for oppfølging av tilrådingar fra Havarikommisjonen for transport, ved at tilrådingar følges opp og klarmeldes for lukking av Luftfartstilsynet, ikke er fulgt for rapporten av 5. august 2005.

Disse medlemmer merker seg vidare at flyttingen av Luftfartstilsynet til Bodø foruten å bli langt dyrere enn forespeilet, har medført sikkerhetsmessige forhold som Havarikommisjonen har funnet grunn til å påtale med sikkerhetstilråding nr. 2 i rapporten. Disse medlemmer viser til foranstående om egenklarering av om sikkerhetstilrådingar er tilstrekkelig fulgt opp når departementet lukker tilrådingen begrunnet i at midler er bevilget.

Disse medlemmer noterer seg at Samferdselsdepartementet har oppnevnt seg selv som oppfølgingsinstans for tilrådingene, som også omfatter tilrådingar rettett mot departementets eget arbeid. Disse medlemmer har merket seg at dette konkret resulterer i at departementet selv kunne ha lukket tilråding nr. 15, og egenhendig lukker tilråding nr. 14, om å evaluere gjeldende modell/løsning for statlig eierskap/styring av flysikringstjenester og lufthavndrift, uten at annet organ, eller Havarikommisjonen, selv vurderer forholdet. Disse medlemmer peker på at dette viser behov for en evaluering og mulig endring av rutinene for lukking av tilrådingar fra Havarikommisjonen, slik at en enhets egen vurdering av tilrådingar alene ikke skal kunne godtgjøre lukking av sikkerhetstilrådingar. Disse medlemmer legger til grunn at godkjent lukking av sikkerhetstilrådingar bør gjøres av et uavhengig organ, ev. av påleggsmyndigheten/Havarikommisjonen selv.

Disse medlemmer har merket seg at Regjeringa først i mai 2007 melder til Stortinget om oppfølging av Havarikommisjonens rapport SL 35/2005 avgitt 5. august 2005 - om Flysikkerhet i norsk luftfart under omstillingsprosesser. Det har altså tatt nesten 2 år å gi Stortinget tilbakemelding om dette viktige arbeidet. Disse medlemmer hadde forventet raskere oppfølging og tilbakemelding.

Disse medlemmer har merket seg at Regjeringa ved departementet selv har valgt å "lukke" sikkerhetsmessige tilrådingar, inkludert tilrådingar som gjelder departementet selv. Disse medlemmer er kritisk til denne oppfølgingsmåten. Disse medlemmer ønsker en avmelding til Stortinget om oppfølgingen av sikkerhetstilrådingene i rapport SL 35/2005 fra hhv. Luftfartstilsynet om Avinor og flyselskap, og fra Havarikommisjonen om Luftfartstilsynet og departementet.

2.2 Helikoptertrafikken til plattformene i Nordsjøen

Sammendrag

Det blir orientert om helikoptertrafikken til plattformene i Nordsjøen og høvet til EU-forordning (EF) nr. 2320/2002 om felles føresegner om tryggleik i sivil luftfart.

Desse føresegnene gjeld som norsk rett, og inneheld tiltak som gjeld flyselskap, passasjerar, tilsette ved lufthamnene, frakt, inkl. post, m.m. Finansieringa av tryggingstiltak skjer i Noreg ved brukarvederlag.

Etter gjeldande rett blir ikkje helikoptertrafikken til plattformene i Nordsjøen omfatta av forordninga, fordi ei "lufthamn" er definert som eit område i ein medlemsstat som er ope for "kommersiell lufttransport".

Forordninga blir no revidert av EU, og helikoptertrafikken til plattformene kan bli omfatta av EU-forordninga. Lovframlegget er framleis til behandling i EUSRådet og EU-parlamentet. Det er grunn til å tru at forordninga kan bli vedteke av organa i EU i 2007.

Komiteens merknader

Komiteen legg til grunn at Regjeringa arbeider gjennom EØS-organ for å skape forståing for at denne trafikken bør haldast utanfor forordninga.

Komiteen har elles ingen merknader.

3. PROGRAMKATEGORI 21.30 VEGFORMÅL

3.1 E6 Trondheim-Stjørdal - utviding av bompengerevvinga for å delfinansiere bygging av ny Nidelv bru

Sammendrag

Departementet foreslår å utvide bompengerevvinga på E6 Trondheim - Stjørdal for å delfinansiere bygging av ny Nidelv bru.

Saka er tidlegare omtalt i m.a. St.prp. nr. 76 (2000-2001), St.prp. nr. 1 (2001-2002), St.prp. nr. 67 (2002-2003) og St.prp. nr. 62 (2003-2004).

Prosjektet Nidelv bru omfattar bygging av 132 m ny bru over Nidelva med tilhøyrande vegsystem på Nyhamna. Nidelv bru bind saman prosjektet E6 Nordre avlastningsveg vest for Nidelva med E6 aust for Nidelva.

Nidelv bru er eit svært viktig ledd i utbygginga av eit hovudvegnett i Trondheim. I 2009 opnar prosjektet E6 Nordre avlastningsveg. For å få ei smidig trafikkavvikling i området etter at Nordre avlastningsveg er opna, er det avgjerande at Nidelv bru er ferdigbygd. Samferdselsdepartementet vurderer det derfor som svært viktig å få på plass eit finansieringsopplegg for ny Nidelv bru, slik at bygginga av brua kan starte i 2007.

Overslaget for ny Nidelv bru med tilhøyrande vegsystem på Nyhamna er på om lag 97 mill. kroner. Det er lagt opp til å starte bygginga av Nidelv bru hausten 2007, slik at brua kan stå ferdig ved årsskiftet 2008/2009.

I handlingsprogrammet for perioden 2006-2009 er det lagt til grunn 30 mill. kroner i statlege midlar og 60 mill. kroner i bompengar (2006-kroner). Dei statlege midlane er prioriterte i 2009. Med anleggsstart hausten 2007 er det lagt opp til å bruke inntil 25 mill. kroner i 2007.

Konsekvensane av å utvide eksisterande bompengerevvinga på E6 Trondheim-Stjørdal for å delfinansiere bygginga av Nidelv bru er at innkrevjingsperioden må utvidast med om lag 6-7 månader.

Samferdselsdepartementet legg til grunn at Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag fylkeskommunar og Stjørdal, Malvik og Trondheim kommunar har slutta seg til det skisserte opplegget ved behandlinga av forslaget om å utvide innkrevjingsordninga på E6 Trondheim-Stjørdal. Samferdselsdepartementet vil komme tilbake med eit forslag om finansiering av endeparsellane på E6 Trondheim-Stjørdal (dvs. Nidelv bru-Grillstad og Værnes-Kvithamar) når det ligg føre tilstrekkelege avklaringar.

I tråd med vanleg praksis legg departementet til grunn at eventuelle kostnadsoverskridingar skal dekkjast i samsvar med gjeldande retningslinjer for bompengeprojekt.

Komiteens merknader

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Framskrittspartiet, er fornøyd med at det er funnet en finansieringsløsning som gjør det mulig å starte bygging av dette viktige vegprosjektet to år før det ligger inne i handlingsprogrammet. Flertallet vil berømme de to fylkeskommunene og Stjørdal, Malvik og Trondheim kommune for initiativet og tilslutningen til finansieringen som gjør det mulig å få brua på plass før planlagt.

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet viser til at departementet omtaler Nidelv bru som et svært viktig ledd i utbygginga av et hovedvegnett i Trondheim, og at i 2009 åpner prosjektet E6 Nordre avlastningsveg. Videre at for å få ei smidig trafikkavvikling i området etter at Nordre avlastningsveg er åpnet, er det avgjørende at Nidelv bru er ferdigbygd og således bør påbegynnes i 2007. Disse medlemmer er enig i dette.

Disse medlemmer viser til at stortingsflertallet så langt ikke har fulgt opp behovene i riksvegnettet med tilstrekkelige bevilgninger til å ivareta hensynene til fremkommelighet, reduserte avgassutslipp, sikkerhet for liv og helse, samt lønnsomhet for næringslivet ved reduserte avstandsulemper slik gode veger er dokumentert å gi tilbake.

Disse medlemmer merker seg at Regjeringen for å bøte på manglende bevilgninger til selv så viktige prosjekter som stamvegen E6, foreslår å utvide innkrevningen på eksisterende bompengoordning E6 Trondheim-Stjørdal i mange måneder fremfor å bevilge de nødvendige midler.

Disse medlemmer viser til veglovens bestemmelser i § 20 om statens ansvar for riksvegene og retningslinjene for bompengefinansiering. Disse medlemmer konstaterer videre at prinsippet om at bompenger skal benyttes til å finansiere den angitte strekning, for deretter å fjernes når prosjektet er nedbetalt, bevisst er forlatt av Regjeringen og dens flertallspartier. Samlet har dette den direkte følge at selv viktige stamvegprosjekter av nasjonal betydning må finansieres ved en ekstraskatt på vegbrukerne.

Disse medlemmer viser til at Samferdselsdepartementet legger til grunn at Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag fylkeskommuner og Stjørdal, Malvik og

Trondheim kommuner har sluttet seg til det skisserte opplegget. Disse medlemmer legger til grunn at slik tilslutning mer skyldes at Regjeringen ikke sørger for at det er tilstrekkelig penger til påkrevd vegutbygging enn et sterkt ønske om å påføre sine trafikanter og næringsliv ekstra belastninger i form av bompenger.

Endelig vil disse medlemmer peke på den analogi som kan trekkes mellom dette prosjektet og bruken av Sokn bomstasjon på Rennesøy for å finansiere forbindelsen til Finnøy. Når det legges opp til finansieringsordninger som kan være i strid med EØS-reglene, forventer disse medlemmer at det fremlegges alternative løsningsforslag i fall den valgte bilistfinansierte finansieringen blir kjent ulovlig av EFTAs klageorgan ESA.

Disse medlemmer har merket seg at utvidelsen av bompenginnkrevningen medfører en samlet ekstraregning til bilistene gjennom bompengefinansiering på totalt 76 mill. kroner av et prosjekt som totalt koster 97 mill. kroner.

Disse medlemmer tar avstand fra en slik finansiering, og viser til sine merknader under pkt. 3.20 i innstillingen.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"Stortinget vedtar at bygging av ny Nidelv bru gjennomføres med statlig finansiering. Stortinget ber Regjeringen sørge for bevilgninger i de årlige budsjetter fra 2008."

3.2 Forlenging av eksisterende bompengoordning i Kristiansand i Vest-Agder

Sammendrag

Departementet foreslår å forlengje eksisterende bompengoordning i Kristiansand for å finansiere gang- og sykkelvegtiltak.

Bompengoordninga i Kristiansand er lagd fram for Stortinget ved fleire høve. M.a. blei eit førebels opplegg for finansiering av samanhengande gang- og sykkelvegnett i Kristiansand omtalt i St.prp. nr. 69 (1996-1997). Sidan det ikkje låg føre planar og sikre kostnader, inngjekk ikkje utbygginga i den vedtekte bompengoordninga.

Kristiansand kommune og Vest-Agder fylkeskommune går no inn for å forlengje gjeldande bompengoordning for å finansiere tiltak som inngår i eit samanhengande gang- og sykkelvegnett i Kristiansand. Forslaget omfattar tiltak for gåande og syklande innfor ei samla kostnadsramme på 67 mill. 2007-kroner, inkl. midlar til planlegging og prosjektering. Det største og høgast prioriterte prosjektet er bygging av ny gang- og sykkelvegbru over Otra, Kristian Kvart bru, som er kostnadsrekna til om lag 37 mill. kroner.

Tiltaka er i hovudsak føresette finansierte med bompengar. I tillegg er det rekna med tilskot på til saman 2,2 mill. kroner frå Kristiansand kommune. Det er lagt opp til byggjearbeid på dei første tiltaka i 2007.

Innkrevjing av bompengar til den føreslåtte gang- og sykkelvegutbygginga vil medføre at innkrevjingsperioden blir forlengd med om lag 10 månader, til april 2008.

Samferdselsdepartementet er samd med lokale styremakter i at den foreslåtte gang- og sykkelvegpakken er eit viktig ledd i det samla transportsystemet for Kristiansand.

Komiteens merknader

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, er positive til denne satsingen på gang- og sykkelveger. Dette er et positivt tiltak for folkehelsen og klimaet, samtidig som dette også blir et viktig ledd i Kristiansands transportsystem. Flertallet vil peke på at bilistene også vil ha nytte av denne satsingen da flere vil kunne nytte sykkel i stedet for bil. Dermed minskes belastningen på vegene.

Flertallet vil peke på at bompengeneinnkrevingen i Kristiansand er definert som en bomring, og at bompengeneinntekter derfor også kan brukes til å bygge gang- og sykkelveger.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet har merket seg at kostnadsberegningen for et sammenhengende sykkelvegnett i Kristiansand er på totalt 67 mill. kroner; finansiert ved 2,2 mill. kroner fra Kristiansand kommune, mens kostnadene i det alt vesentlige legges på trafikk som ikke benytter tiltakene, vegtrafikken på E18.

Videre merker disse medlemmer seg at E18-bommen opprinnelig skulle avvikles ved årsskiftet 2003/2004, men ble forlenget pga. HiA-sambandet og kollektivtiltak til juni 2007. Når bompengeanlegget på en stamveg av nasjonal betydning nå ikke bare finansierer fremkommelighet på stamvegen, men for annen gang også utnyttes til helt andre formål enn denne, uttrykker disse medlemmer sin bekymring for om bilistfinansiering av tiltak uten tilknytning til formålet pengene kreves inn ved har gått for langt.

Disse medlemmer stiller seg uforstående til at flertallet mener vegtrafikken på E18 kan nyttiggjøre seg et lokalt sykkelvegnett, og finner det søkt å bruke dette som argument for å rettferdiggjøre ytterligere en kraftig omdreining på bompengeskruen.

Disse medlemmer viser til sine merknader til bygging av ny Nidelv bru foran hva gjelder forholdet til vegloven, bompengeforskriften og mulige følger av at EFTAs overvåkingsorgan har funnet grunn til kritisk å vurdere Norges bompengeprosedyre.

Disse medlemmer merker seg at bompengemidler innkrevd på riksvegnettet i denne saken går til helt utenforliggende formål på det kommunale og fylkeskommunale vegnettet. Disse medlemmer kan ikke se at dette er iht. vegloven § 20, og finner grunn til å minne om den uttrykkelige ordlyden:

"Staten ber utgiftene til planlegging, bygging, utbedring, vedlikehold og drift av riksvegar, her og utgiftene til egedomsinngrep. Fylkeskommunen ber disse utgiftene for fylkesvegar og kommunen for kommunale vegar."

Disse medlemmer er oppmerksom på at statens ansvar for infrastrukturen er kraftig uthult gjennom praksis og forskrifter. Disse medlemmer viser

likevel til forskrift om innkreving av bompenger § 5, som slår fast at:

"Bompengesatsene skal knyttes til kostnadene ved det aktuelle infrastrukturanlegg."

Disse medlemmer peker på at kommuner og fylkeskommuner er forutsatt å finansiere sin egen infrastruktur over egne budsjetter, og at disse forvaltningsnivåene i 2006 hadde et samlet overskudd på hhv. 12 og 2 mrd. kroner. Disse medlemmer er derfor av den oppfatning at de foreslåtte tiltakene, som utgjør viktige ledd i det samlede transportsystemet for Kristiansand, ikke bør finansieres ved at ytterligere belastning legges på vegtrafikken langs E18, men over de offentlige budsjetter tiltakene hører hjemme i.

Disse medlemmer har merket seg at det ikke er statlige midler i pakken som totalt koster 69 mill. kroner. Av disse finansieres 2 mill. kroner av Kristiansand kommune. Bompengebidrag på 67 mill. kroner vil samlet koste bilistene 84 mill. kroner idet bilistene også må dekke innkrevingskostnader på 17 mill. kroner. Disse medlemmer tar avstand fra en slik finansiering.

Disse medlemmer viser til sine merknader under pkt. 3.20 i innstillingen, og tar sterk avstand fra at bilistene på en hovedveg som binder landets regioner sammen, skal avkreves en "passeringsskatt" for å finansiere utenforliggende, lokale tiltak i kommuner langs vegen.

Disse medlemmer fremmer derfor følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen avstå fra å bruke vegtrafikken som finansieringskilde for tiltak som måtte være ønskelige i kommuner som ligger langs statens riksvegnett."

"Gang- og sykkelvegnett i Kristiansand blir å finansiere innenfor ordinære budsjettposter og bevilgninger, uten anledning til å belaste biltrafikken."

"Bompengereordningen i Kristiansand forlenges ikke, men avsluttes ved nedbetalt prosjekt."

3.3 Svinesundsforbindelsen - endringar i avtalane mellom Noreg og Sverige

Sammendrag

Det blir orientert om endringar i avtalane mellom Sverige og Noreg om innkrevjing av bompengar på den nye Svinesundsforbindelsen. Innkrevjinga er regulert gjennom fleire avtalar mellom den norske og den svenske regjeringa.

Noreg og Sverige er no samde om å endre avtalane. Bakgrunnen er at kostnadene ved denne innkrevjinga er relativt høge samanlikna med andre norske bompengereordningar.

I avgiftsavtalen er takstane på Svinesund fastsette til 20 svenske kroner for lette køyretøy og 100 svenske kroner for tunge køyretøy. Takstane i norske kroner blir fastsette årleg ut frå forholdet mellom valutaene i dei to

landa, og har sidan opninga variert mellom 17 og 18 kroner for lette kjøretøy og mellom 85 og 90 kroner for tunge kjøretøy.

Om lag 80 pst. av trafikken over Svinesund er norsk. Dei "urunde" norske takstane genererer mykje skiljemynt. Dette gjer at bompengeselskapet pådreg seg store kostnader med handtering av skiljemynten. Ved å ta i bruk myntautomatar på Svinesund vil det vere mogleg å etablere eigne rutinar for handtering av mynt frå automatane.

Styremaktene i Noreg og Sverige er samde om å endre grunnvalutaen frå svensk til norsk valuta. Dette fører til at takstane blir fastsette i norsk valuta. Takstane blir 20 norske kroner for lette kjøretøy og 100 norske kroner for tunge kjøretøy.

Det er lagt opp til at dei nye takstane blir gjort gjeldande frå 1. juni 2007. Statens vegvesen tek sikte på at myntautomatane kan takast i bruk hausten 2007.

Komiteens merknader

Komiteen har merket seg at endringene i avtalene mellom Norge og Sverige om bompengerekruteringen på Svinesundsforbindelsen opplyses å gi store innsparinger i driftskostnadene.

Komiteen har merket seg at man her har kommet frem til et mer effektivt takstsystem, som vil gi lavere innkrevingskostnader. Dette vil også gi en bedre flyt i trafikken, samtidig som den moderate økningen i trafikkantbetalingen vil føre til at brua vil kunne bli betalt ned tidligere enn planlagt. Dette gir lavere rentekostnader og vil lette belastningen på trafikantene sett over tid.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre vil likevel bemerke at det er oppsiktvekkende at statens eget bompengeselskap har drevet dyrere enn de fleste andre bompengeselskaper, har hatt urasjonelle trafikkantløsninger og høye finanskostnader.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet merker seg at denne innsparingen likevel følges av en reell økning i kostnadene for trafikantene som passerer bomstasjonen, noe kompensert for pendlere ved en økt rabatt for bruk av elektronisk betalingsbrikke.

Disse medlemmer forutsetter at innsparingene som endringene medfører i sin helhet kommer bompengebetalerne til gode.

3.4 E39 Stangeland-Sandved i Rogaland - forskotering

Sammendrag

Departementet gjer greie for forskotering og omdisponering av midlar for å forsere utbygging av E39 Stangeland-Sandved i Sandnes kommune, Rogaland.

Statens vegvesen har i samarbeid med Rogaland fylkeskommune og Sandnes kommune arbeidd med eit opplegg for å forsere utbygginga av E39 på strekninga

Stangeland-Sandved i Sandnes kommune frå to- til firefelts veg. Det ligg føre godkjend reguleringsplan for prosjektet som omfattar ei strekning på 2,2 km mellom kryss med rv 509 og kryss med rv 44. I prosjektet inngår også omfattande støyttiltak. Kostnadsoverslaget er 220 mill. 2006-kroner.

Det blir lagt til grunn ei omdisponering av 85 mill. kroner frå E39 Eiganestunnelen i Stavanger. Vidare har Sandnes kommune gjennom vedtak i bystyret 27. mars 2007 søkt om å forskotere statlege midlar ut over 85 mill. 2006-kroner, dvs. 135 mill. 2006-kroner. Anleggsarbeida er planlagde å starte hausten 2008, med opning for trafikk rundt årsskiftet 2009/2010.

Samferdselsdepartementet sluttar seg til det skisserte opplegget for forsering av prosjektet E39 Stangeland-Sandved. Forskoteringa blir refundert, utan kompensasjon for renter og prisauke, i perioden 2010-2013.

Komiteens merknader

Komiteen har merket seg strekningens høye årsdøgntrafikk, prosjektets høye verdier for netto nytte, og at tiltaket vil kunne avhjelpe uønsket overføring av trafikk til lokalvegnettet i forbindelse med rushtidene.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, er tilfreds med at man har funnet en løsning på de betydelige trafikkproblemene på den aktuelle strekkingen. Flertallet vil vise til at Nord-Jæren er et område med liten kollektivandel, kraftig vekst i biltrafikken og store klimagassutslipp.

Et annet flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, vil peke på at Nord-Jæren-området derfor kan være et område som egner seg for et tilpasset Stockholmsforsøk. Uavhengig av dette, men i bl.a. klimaperspektiv, er det spesielt viktig at bybaneplanene på Nord-Jæren nå får nødvendig regional oppfølging, bl.a. i forhold til lokal finansiering.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at som europaveg er E39 Stangeland-Sandve et fullt ut statlig ansvar, også hva gjelder finansiering av utbyggingen.

Disse medlemmer har merket seg at statens refusjon ikke forutsettes å omfatte renter og prisøkning, og finner det ikke urimelig når lokale myndigheter stiller midler for forskuttering og fremskynding til rådighet, om disse også ble kompensert for renter og prisøkning i perioden fra statens side.

Disse medlemmer har merket seg at videreført praksis vedrørende forskotering av andre til bygging av statlig veg ikke tilbakebetales med renter. Disse medlemmer peker på at også denne praksis bryter med bestemmelsene i veglovens § 20:

"Staten ber utgiftene til planlegging, bygging, utbeiring, vedlikehold og drift av riksvegar, her og utgiftene til eigedomsinngrep. Fylkeskommunen ber desse utgiftene for fylkesvegar og kommunen for kommunale vegar."

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen sørge for at forskotteringen ved forseringen av utbygging av E39 Stangeland-Sandved i Sandnes kommune, Rogaland, blir refundert inkludert kompensasjon for renter og prisøkning i perioden."

Komiteens medlemmer fra Høyre viser videre til Høyres merknader i innstillingen til Revidert nasjonalbudsjett og under punkt 4.2 i denne innstillingen.

3.5 E39 Renndalen-Staurset bru i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag - forskotering

Sammendrag

Det blir gjort greie for forskotering for utbetring av eksisterende veg på strekninga E39 Renndalen-Staurset bru i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag.

Prosjektet er m.a. omtalt i St.meld. nr. 24 (2003-2004), side 148, og i St.prp. nr. 1 (2006-2007).

Eksisterende veg er svært smal med gjennomsnittleg breidd rundt 5 m.

Prosjektet omfattar utbetring av eksisterende veg over ei strekning på om lag 14 km. Tiltaka er i hovudsak breiddeutviding, kurveutbetring og avkøyrslsnering. Det ligg føre godkjent reguleringsplan for prosjektet.

Omrekna til 2007-prisnivå er kostnadsoverslaget 274 mill. kroner.

Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag fylkeskommunar gjekk i samband med behandlinga av forslaget til handlingsprogram/planleggingsprogram for perioden 2006-2009 inn for å forskotere delar av dei statlege løyvingane dersom dette er nødvendig for å sikre gjennomføring av prosjektet i denne perioden.

Anleggsarbeida er planlagde å starte hausten 2007, med trafikkopning i 2010. Det er behov for 20 mill. kroner til prosjektet i 2007. Midlane er føresette stilt til disposisjon av Sør-Trøndelag fylkeskommune.

Komiteens merknader

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, ser det som positivt at man har kommet fram til en forskotteringsløsning for raskere gjennomføring av prosjektet, og tar saka til etterretning.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet har merket seg at strekningen har forholdsvis lav årsdøgnstrafikk, men utgjør en del av stamvegen E39 som har svært dårlig standard. Som europaveg er E39 Renndalen-Staurset bru i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag i likhet med foranstående sak E39 Stangeland-Sandved i Rogaland, et fullt ut statlig ansvar, også hva gjelder finansiering av utbyggingen.

Disse medlemmer har merket seg at statens refusjon ikke forutsettes å omfatte renter og prisøkning, og finner det ikke urimelig når lokale myndigheter stiller midler for forskuttering og fremskynding til

rådighet, om disse også ble kompensert for renter og prisøkning i perioden fra statens side.

Disse medlemmer viser til sin foranstående merknad under E39 Stangeland-Sandve i Rogaland.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen sørge for at forskotteringen ved utbetringen av eksisterende veg på strekningen E39 Renndalen-Staurset bru i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag, blir refundert inkludert kompensasjon for renter og prisøkning i perioden."

3.6 E134 Haukelitunnelane i Telemark og Hordaland

Sammendrag

Departementet gjer greie for ny gjennomgang av arbeidet med utbetring av tunnelane på E134 over Haukeli.

Prosjektet er m.a. omtalt i St.prp. nr. 1 (2005-2006) og i St.prp. nr. 1 (2006-2007).

Samla kostnader ved utbetring av tunnelane på E134 over Haukeli for å auke frihøgda til 4,2 m blei i St.prp. nr. 1 (2005-2006) sett til om lag 200 mill. kroner. Som omtalt i St.prp. nr. 1 (2006-2007), fekk Statens vegvesen inn eitt tilbud som gav totalkostnader på i storleiken 350 mill. kroner. Sidan tilbudet gav kostnader som braut med tidlegare økonomiske føresetnader for utbetringa, bad Samferdselsdepartementet Vegdirektoratet gå gjennom prosjektet på nytt for å sjå om det var mogleg å redusere omfanget.

Statens vegvesen utarbeidde etter dette eit nytt konkurransegrunnlag der arbeida var avgrensa til tiltak for å auke frihøgda til 4,2 m og nødvendige tiltak som følgje av dette. Det kom inn tilbud frå tre entreprenørar. Dei lågaste tilboda var på eit nivå som samsvarar med føresette kostnader i St.prp. nr. 1 (2005-2006). Statens vegvesen har etter dette inngått kontrakt med entreprenør. Kontrakten omfattar også bygging av ny portal i Røldalstunnelen.

Anleggsarbeida vil komme i gang att i løpet av våren 2007. Føresetnaden er at arbeida skal fullførast i løpet av desember 2007.

Komiteens merknader

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, slutter seg til Regjeringens vurderinger og anbefalinger.

Flertallet viser for øvrig til statsrådens skriftlige svar til komiteen, hvor det er pekt på at utbedring av Haukelitunnelene er en sak som har endret seg over tid.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at det nå er inngått kontrakt om arbeidet slik det var forutsatt i St.prp. nr. 1 (2005-2006).

Disse medlemmer viser til at saken gjelder høydeutbedring. I tråd med Stortingets prioritering i forbindelse med behandlingen av Dokument nr. 8:32 (2004-2005), legges det opp til å utbedre Haukelitunnelene slik at frihøyden økes til 4,2 m, jf. Innst. S. nr. 150 (2004-2005).

Disse medlemmer vil vise til at prosjektet ble omtalt med beløp i statsbudsjett for 2006 slik:

"Opprusting av tunneler
(...)

Mange tunneler og underganger er ikke tillatt trafikert med kjøretøyer med høyde over 4 meter. Statens vegvesen arbeider med et opprustningsprogram med sikte på å øke høyden i tunneler og underganger til minimum 4,2 meter på stamvegnettet. I 2006 prioriteres midler til å øke høyden i Haukelitunnelene på E134 til 4,2 meter. Kostnadene for dette vil være om lag 200 mill. kr."

Og videre:

"Korridor 5 Oslo - Bergen/Haugesund med arm via Sogn til Florø
E134 Drammen - Haugesund
(...)

I tråd med Stortingets prioritering i forbindelse med behandlingen av Dokument nr. 8:32 (2004-2005), legges det opp til å utbedre Haukelitunnelene slik at frihøyden økes til 4,2 m, jf. Innst. S. nr. 150 (2004-2005). Tiltakene var ikke prioritert ved Stortingets behandling av St.meld. nr. 24 (2003-2004). Deler av rammeøkningen til denne ruta er derfor benyttet til å dekke kostnadene ved dette som er om lag 200 mill. kr "

Disse medlemmer vil videre vise til at i statsbudsjettet for 2007, jf. St.prp. nr. 1 (2006-2007), ble det opplyst følgende:

"Ved anbudsutlysningen er det inkludert arbeider utover selve økningen av frihøyde. Dette gjelder bl.a. tildekking av PE-skum, utskifning av elektrotekniske installasjoner og breddeutvidelse til 3 m kjørefelt. Statens vegvesen mener det er hensiktsmessig å gjennomføre dette samtidig med økning av frihøyde.

Tilbudet gir en kostnad som bryter med de tidligere økonomiske forutsetninger for utbedringen. Departementet har bedt Vegdirektoratet gå gjennom prosjektet på nytt for å se om det er mulig å redusere omfanget. Det vil etter dette bli foretatt en ny anbudsutlysning. Det tas sikte på at arbeidene kan startes i 2007 med midler som ble stilt til disposisjon i statsbudsjettet for 2006. Arbeidene ventes fullført i 2008. Vegdirektoratet vil foreta en vurdering av evt. midlertidige løsninger som best mulig sikrer framkommeligheten, samtidig som sikkerheten ivaretas. Departementet vil komme tilbake til Stortinget når det er foretatt en nærmere gjennomgang av prosjektets omfang og kostnader."

Disse medlemmer viser også til at i innværende proposisjon opplyses det at prosjektet er blitt minst et år forsinket. Av proposisjonen går det fram at:

"Som opptalt i St.prp. nr. 1 (2006-2007) fikk Statens vegvesen inn eitt tilbud som gav total kostnader på i storleiken 350 mill.kr."

Disse medlemmer konstaterer at denne informasjonen ikke er korrekt og gir et feilaktig bilde av det som faktisk har skjedd. Disse medlemmer peker på at Statens vegvesen har gått ut over de fullmakter som er gitt av Stortinget for dette prosjektet, og dette har medført minst ett års forsinkelse. Disse medlemmer forutsetter at dette får konsekvenser for de ansvarlige i Statens vegvesen.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen sørge for at Riksrevisjonen gjennomgår Statens vegvesens håndtering av prosjektet med høydeutbedring i Haukelitunnelene, og at Stortinget på en egnet måte får tilbakemelding om resultat av undersøkelsen og den interne oppfølging i etaten."

3.7 Rv 2 Kløfta-Nybakk i Akershus - endring av bompengetakstar

Sammendrag

Det blir orientert om auke av bompengetakstane på rv 2 Kløfta-Nybakk i Akershus.

Det er vedteke at prosjektet Kløfta-Nybakk skal delvis bompengefinansierast som første del av eit bompengeplegg for utbygging av rv 2 mellom Kløfta og Kongsvinger.

Som omtalt i St.prp. nr. 64 (2004-2005), blir det bygd firefelts veg på heile strekinga mellom Kløfta og Nybakk. Dette vil føre til auka kostnader samanlikna med opphavleg overslag. Kostnaden for utbygging av heile strekinga Kløfta-Kongsvinger som firefelts veg er førebels rekna til 3,5-4 mrd. kroner.

Som omtalt i St.prp. nr. 47 (2003-2004), er det føreset at inntil 60 pst. av byggjekostnadene skal finansierast med bompengar. For å halde framdrift og betre inntektsgrunnlaget slik at det blir mogleg å gjennomføre ei kontinuerleg utbygging, er det sett på ulike tiltak for å få dette til. I denne omgang har bompengeselskapet gått inn for å auke takstane i bomstasjonen ved Nybakk frå 15 til 20 kroner for lette køyretøy og frå 30 til 40 kroner for tunge køyretøy.

Komiteens merknader

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, støtter og slutter seg til det som her er fremlagt fra Regjeringen. Det er svært viktig for effektiviteten at det kan gjennomføres en kontinuerlig utbygging. Dette vil komme trafikantene til gode gjennom lavere kostnader over tid og bedre veger raskere.

Et annet flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, har merket seg at Fremskrittspartiet ofte ønsker at delvis bompengefinansierte prosjekter skal vært finansiert over statsbudsjettet, med unntak av når de selv har avgjort budsjetter sammen med regjeringen Bondevik II. Dette flertallet vil også peke på at Fremskrittspartiet i sine alternative budsjett ikke legger inn nok penger til å finansiere de stadige verbalforslagene. Dette flertallet er derfor usikker på om denne vegen ville blitt bygd med Fremskrittspartiet i regjering.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at rv 2 er en stamveg med høy trafikk, og høy andel tungtrafikk, og videre til St.prp. nr. 64 (2004-2005) hvor det fremgår følgende om strekingen rv 2 Kløfta-Nybakk:

"En direkte utbygging til firefelts veg vil gi langt lågare samla kostnader enn ei utbygging i to etappar.

Med utgangspunkt i nye kostnadsvurderingar og lokalpolitiske ønske vil Statens vegvesen derfor starte arbeidet med å revidere gjeldande reguleringsplan med sikte på å bygge firefelts veg på heile strekninga mellom Kløfta og Nybakk i ein etappe."

Disse medlemmer viser til disse kostnadsvurderingene, til økt sikkerhet og til økt framkommelighet på strekningen, og merker seg at finansieringen av forbedret standard på strekningen likevel i det alt vesentlige foreslås lagt på bilistene gjennom økte bompengesatser, i tråd med Regjeringens vanlige praksis. Disse medlemmer merker seg vidare at for å holde framdrift og bedre inntektsgrunnlaget slik at det blir mulig å gjennomføre en kontinuerlig utbygging, økes belastningen på bompengebetalerne fremfor å foreslå økt andel statlige midler.

Disse medlemmer har merket seg opplysningene fra departementet som bekrefter at i utgangspunktet betaler bilistene gjennom bompenger for firefeltsløsning på rv 2 Kløfta-Nybakk 690 mill. kroner for et prosjekt som totalt koster 660 mill. kroner. Disse medlemmer har merket seg at gjennom økt bompengesats vil innbetaling gjennom bompenger øke med ytterligere 140 mill. kroner. Disse medlemmer peker på at denne løsningen gir et tydelig eksempel på det såkalte historiske vegløftet til denne Regjering; det er stort sett en økt vegbygging basert på økt bompengelastning, og derved finansiert på en svært kostbar måte av bilistene selv. Disse medlemmer tar avstand fra en slik finansiering, og viser til Fremskrittspartiets alternative statsbudsjett for 2007 hvor alle forslag til veginvesteringer er angitt med statlig fullfinansiering.

Disse medlemmer viser til sine merknader under pkt. 3.20 i innstillingen, og fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen sørge for at for å holde framdrift og kontinuerlig utbygging til firefelts veg på hele strekningen rv 2 Kløfta-Nybakk, innarbeides statlige bevilgninger til merkostnaden ved dette i de årlige budsjettene fra 2008.

3.8 Rv 150 Ulvensplitten-Sinsen i Oslo

Sammendrag

Departementet orienterer om det vidare arbeidet med prosjektet rv 150 Ulvensplitten-Sinsen i Oslo etter at ny reguleringsplan er utarbeidd.

Prosjektet er m.a. omtalt i St.prp. nr. 67 (2005-2006) og St.prp. nr. 1 (2006-2007).

Samferdselsdepartementet tek sikte på å komme tilbake til Stortinget med revidert kostnadsoverslag, framdrifts- og finansieringsplan for prosjektet i samband med planlagt framlegging av Oslopakke 3 trinn 1 hausten 2007. Målet er at anleggsarbeida skal komme i gang att våren 2008, slik at prosjektet kan opnast for trafikk i 2012.

Oslo kommune har sett av midlar til å dekkje kostnadene ved bygging av dei kommunale vegane som inngår i prosjektet. Det er derfor lagt opp til å starte bygginga av dei kommunale vegane hausten 2007.

Komiteens merknader

Komiteen viser til at prosjektet rv 150 Ulvensplitten-Sinsen ble startet i januar 2006, og stoppet opp tre måneder senere. Komiteen merker seg at det foreligger ny reguleringsplan for prosjektet, og forutsetter at trafiksikkerhet og framkommelighet fullt ut blir ivare tatt når departementet kommer tilbake med revidert kostnadsoverslag, framdrifts- og finansieringsplan for prosjektet.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, er glad for at Regjeringen har funnet en løsning for å få dette prosjektet på skinner igjen. Takket være behandlingen av Oslopakke 3 i to omganger, greier man nå å få på plass finansieringen av dette prosjektet uavhengig av de andre prosjektene i Oslopakke 3.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Høyre mener Regjeringens håndtering av prosjektet rv 150 Ulvensplitten-Sinsen er særdeles uheldig. Etter stansen i arbeidet har området vært preget av grøfter, plankegjerdar og presenninger. Reguleringsplanen som foreligger til behandling, oppfattes som en dårligere trafikal løsning enn den opprinnelige planen. Disse medlemmer frykter at de endringene som gjøres av økonomiske årsaker, går utover trafiksikkerhet og framkommelighet.

Disse medlemmer viser til at byggearbeidene kunne vært igangsatt tidligere, allerede tidlig i 2007. Byggingen av det kommunale vegnettet som skal skje i regi av Statens vegvesen Region øst for kommunens regning, er allerede regulert, og pengene, 245 mill. kroner, er bevilget av Oslo bystyre ved budsjettbehandlingen i desember 2006. Disse medlemmer merker seg at Regjeringen i stedet velger å vente. Disse medlemmer vil på denne bakgrunn anbefale Regjeringen om å gjenoppta byggearbeidene snarest.

3.9 Oslopakke 3 - framdrift

Sammendrag

Departementet gjer greie for framdrifta av arbeidet med Oslopakke 3.

Oslopakke 3 vil bli lagt fram for Stortinget i to trinn. Første trinn vil vere at Samferdselsdepartementet legg fram ein stortingsproposisjon allereie seint hausten 2007. Stortingets behandling og godkjenning av fase 1 vil leggje til rette for at den auka bompenginnteninga som dei lokale styremaktene ønskjer, kan starte så tidleg som mogleg i 2008.

I samband med framlegginga av Nasjonal transportplan 2010-2019 vil trinn 2 av Oslopakke 3 bli lagt fram for Stortinget. Her vil det bli gjort ei heilskapleg vurdering av utbyggingsplanen.

På bakgrunn av det lokale forslaget om å bruke bompengar til drift av kollektivtrafikken har departementet sett i gang arbeidet for å endre veglova slik at bompengar kan nyttast til slike driftstiltak. Samferdselsdepartementet tek sikte på å leggje fram ein odelstingspropo-

sisjon samtidig med første trinn av departementet si behandling av Oslopakke 3, altså seint hausten 2007.

Komiteens merknader

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Høyre, har merket seg at flere partier i Oslo bystyre som har vedtatt at de er for vegprising og rushtidsavgift i sine programmer, har gått bort fra dette for å få til en tverrpolitisk enighet om Oslopakke 3.

Et annet flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, støtter og slutter seg til Regjeringens forslag til fremdrift av Oslopakke 3. Denne fremdriften gjør at viktige prosjekter ikke stopper opp i påvente av planlegging av andre fremtidige prosjekter.

Dette flertallet merker seg at det varsles en odelstingsproposisjon som vil gjøre det mulig å bruke bompenger til drift av kollektivsystemer, og at dette kan komme i gang tidlig i 2008. Dette flertallet vil understreke viktigheten av at dette kommer på plass så tidlig som mulig. Denne lovendringen vil være svært viktig for å kunne gi befolkningen i Akershus og Oslo et godt kollektivsystem, og vil frigjøre viktig kapasitet på vegene.

Dette flertallet vil gi honnør til lokalpolitikerne i Oslo og Akershus for deres innsats for å skape en bred og god løsning. Alle partier med unntak av Akershus Fremskrittsparti har gått inn for pakken, som kommer som et initiativ fra de samme politikere. Pakken har av Fremskrittspartiet sentralt blitt fremstilt som et resultat av statlig tvang. Dette flertallet har merket seg at de politiske realitetene tilsier at det ikke er tilfellet.

Et tredje flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, vil også peke på at det er Fremskrittspartiets samferdselsbyråd som har søkt om denne ordningen på vegne av Oslo kommune. Det er verdt å merke seg at Oslo har et parlamentarisk system. Dette flertallet vil peke på at det er vanlig at byråder trekker seg dersom man blir presset til å gjennomføre noe man er imot. Dette flertallet konstaterer at dette ikke har skjedd, selv om det er blitt uttalt flere ganger fra Fremskrittspartiets nestleder at dette er et prinsippsspørsmål for Fremskrittspartiet.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre viser til at Oslopakke 3 er et skjørt lokalpolitisk kompromiss mellom Akershus og Oslo. Disse medlemmer legger til grunn at Regjeringen respekterer dette kompromisset og sørger for nødvendig fremdrift med hensyn til finansiering og gjennomføring.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet merker seg at Regjeringen vil legge frem en sak om Oslopakke 3 i to trinn. Disse medlemmer merker seg også at Samferdselsdepartementet viser til at statens utilstrekkelige finansiering av nødvendig

veginfrastruktur i Oslo-området omtales som et lokalt ønske om både økte bompengetakster og fremskyndet innkreving. Disse medlemmer har videre merket seg at et nær samlet tverrpolitisk flertall i Oslo bystyre har avvist bruk av vegprising med tidsdifferensierte satser som et hensiktsmessig virkemiddel.

